



Klokka 12 i dag var det springflo og det betyr at store delar av området rundt elveosen i Uskedalen vart overflomma. Det gjeld ikkje minst Rabben Feriesenter og det lågtliggjande arealet mellom elva og fylkesvegen.

Frå Flatholm vert det meldt at ein kvit, mindre båt ligg inntil vegen over til holmen. Den kjem truleg frå båthamna og vil bli skada dersom ingen tek hand om han.

Det kom også melding om ei flytebryggje med landgang som hadde slitt seg og låg midt mellom Uskedalen sentrum og Skorpo.

Bileta våre vart teke ved 13-tida

Og no er det store spørsmål kor mykje vatn som kjem den andre vegen etter kvart. Vert det flaum frå fleire kantar? Varsla er ikkje særleg lovande. Det skal koma unormalt store regnmengder. Dette er ein femårsflom og det betyr at det går meir enn 5 år mellom kvar gong ein så stor flom kjem. Det er store nedbørsmengder og snøsmelting i kombinasjon som utløyser flommen. Opptil 110 millimeter er varsla, men det er noko nedjustert.

Vannstanden ved flo i dag var 60 centimeter høgare enn varsla eller 210 centimeter over sjøkartnivå, som det heiter på fagspråket. Neste flo kjem klokka ett til natta men den vert ikkje så høg som den i dag. Grunnen til at vatnet steig så høgt i dag var ein kombinasjon av tidevatnet, vinden mot kysten og lavt lufttrykk. Men også det faktum at det nyleg var fullmåne verka inn.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

